

# Styresak

---

Går til: Styremedlemmer  
Føretak: Helse Vest RHF  
Dato: 21.01. 2013  
Sakhandsamar: **Torunn Nilsen**  
Saka gjeld: **Oppdragsdokument til Helse Vest RHF 2013**

**Styresak 012/13 B**

**Styremøte 06.02. 2013**

---

## Forslag til vedtak

Styret tek oppdragsdokumentet for 2013 til etterretning.

## **Oppsummering**

Endeleg oppdragsdokument for 2013 er oversendt frå Helse- og omsorgsdepartementet ved e-post den 20. desember 2012.

## **Kommentar**

Gjennom oppdragsdokumentet stiller Helse- og omsorgsdepartementet til disposisjon dei midlane som Stortinget har løyvd til Helse Vest RHF for 2013. Helse Vest RHF skal utføre pålagde oppgåver og gjennomføre styringskrava innanfor dei rammene og måla som er gitt, og dei ressursane som blir stilte til rådvelde i dokumentet.

Oppdragsdokumentet er ein del av ein heilskapleg helsepolitikk. Saman med protokollen frå føretaksmøtet er dette dei to formelle styringsverkemidla departementet rår over ovanfor dei regionale helseføretaka utover lov og forskrift.

Mål og styringskrav for 2013 er valde ut frå ei risikovurdering og med bakgrunn i aktuelle satsingsområde. Relevante mål og krav som er gitt i tidlegare oppdragsdokument, skal framleis vere gjeldande.

Vedlegg:  
Oppdragsdokument 2013 Helse Vest RHF

